

# Ullensvang kommune

## Strategisk hamneplan

### 2024 – 2033

## Vedlegg



**Oppdragsgiver:** Ullensvang kommune  
**Oppdragsgivers kontaktperson:** Anne Berit Birkeland  
**Rådgiver:** Norconsult AS  
**Oppdragsleder:** Øystein Skofteland  
**Fagansvarlig:** John Stephen Skjøstad  
**Andre nøkkelpersoner:** Emilie Helland-Moe

Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	-------------	------------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

## ► INNHALD

*No table of contents entries found.*

## VEDLEGG

### 1. Geografisk plangrunnlag – Strategisk hamne-informasjon

Web-kart med hamnerelaterte utfordringer samt relevante temadata.

## 2. Status for kommunale kaier 2023

Tabellen under viser status for dei kommunale kaiene ut frå inspeksjonsrapportar 2023.

Kommunal kai		Bygge- material	Lengde x Bredde (m)	Konklusjon etter inspeksjonsrapporter 2023	Kostnad for utbedring (2023-kr)
Nr	Navn				
<b>Odda</b>					
K002	<b>Havneområde nord</b>	Stein og betong	125 x 4	Kaia sin bereevne er ok. Observert beskjeden setning i overgang mot betongkai i K 003. Nokre avskallingar og armeringskorrosjon på utkraget dekke og bjelker, samt erosjon under landskar. Anmerkningar ift kantlist, og fendring.	190.000
K003	<b>Havneområde vest</b>	Betong	110 x 5	Kaia sin bereevne er ok. Anmerkningar ift slitelag, fenderverk, kantlist og redningsstige.	565.000
K004	<b>Havn ved rutebilstasjonen</b>	Stein og betong	88 x 13,5	Kaia sin bereevne er ok. Anmerkningar ift kantlist og dekke/slitasjelag.	950.000
K005	<b>Gjestebrygge øst</b>	Stein og tre	100 x 5	Kaia sin bereevne er ok. Stedvis nokre utvasking/forvitring av fuger mellom stein i front. Anmerkningar ift redningsstiger, treverk, og etablering av rekkverk. Rengjøring av treslitelag anbefales.	0
K006	<b>Gjestebrygge vest</b>	Stein	90 x 10	Kaia sin bereevne er ok. Nokre utglidning og setning i tørrmur som må følges opp på årlege inspeksjonar. Ein del utvasking av mørtel mellom stein, som bør utbedres. Anmerkningar ift redningsstigar og steinfylling inn mot kaien ved akse 3.	90.000
K007	<b>Eitrheim kai</b>	Betong	24,7 x 16,7	Kaia sin bereevne er svekket. Omfattande skadar, blant anna avskallingar, sprekker, og armeringskorrosjon på kaianlegget. Kraftig forvitring i pilarar, skadar og manglar på fendring, og nokre mangelfull kantlist. Kaia manglar redningsbøye og funksjonell redningsstige.  På grunn av omfattande skadar er det nødvendig med en oppjustering for ei grundigare vurdering av økt skadeomfang og kostnadsjustering. Kaia bør fysisk stengast frå land og skiltes med same frå sjøsidea.	0
<b>Jondal</b>					
K001	<b>Jondal kai</b>	Betong	37,8 x 13	Kaia sin bereevne er ok. Det er ein del gjenstående forskaling hovudsakelig i akse 7, som bør fjernast. Det er anbefalt å sette inn drenerør i hull som er boret ut som drenering.	40.000

				Nokre fuktbelastning rundt eksisterende drenerør. Nokre avskallingar og armeringskorrosjon på frontbjelke. Anmerkningar ift kantlist, redningsbøye, og eldre redningsstige.	
<b>Herand</b>					
K002	<b>Herand kai</b>	Betong	27 x 10	Kaia sin bereevne er ok. Anbefales årlig kontroll av eldre landkar. Nokre punktvisse sprekkar og rustlag i hovudbjelkar. Nokre sprekkar, avskalling og armeringkorrosjon på kaidekke og frontbjelke.  Anmerkningar ift kaidekke, pullerter og kantlist.	20.000
<b>Kinsarvik</b>					
K001	<b>Kinsarvik brygge</b>	Stein	40 x 10	Kaia sin bereevne er ok. Nokre setning i landkar akse 1, som årlig bør etterses. Anmerkning ift kantlist, slitelag, steinsetting/landkar akse 1 og fortøynings pullerter.	0
<b>Hovland</b>					
K002	<b>Isklar kai</b>	Stein	56 x 12	Kaia sin bereevne er ok. Nokre gjenstående forskaling. Anmerkning ift eldre redningsstige, kantlist og fortøynings pullerter.	30.000

### 3. Kommuneplan for Ullensvang

#### **Strategiar og mål 2020-2024**

[Strategiar til kommuneplanen sin samfunnsdel \(framsikt.net\)](#)

##### **Berekraft grunnleggjande**

- Hydrogensatsing f.eks hydrogenferger.
- Fortetting i sentrum
- Prioritere verksemdar som satsar på miljøretta berekraft
- Vedlikehald og utvikling som sparing

##### **Tilfredsstillende infrastruktur**

- Betre hamn i Odda
  - Utbygging av ei hamn som erstatning for Almerket som er regulert til utbygging av ulik art.
  - Etablering av ei skjerma gjestehamn i Odda.
  - Hva er konsekvensane av dette? Det må setjast av areal til kommunal kai og gjestehamn i KPA. Kommunen må byggje kommunal kai på strekket Eitheim – Odda – Tyssedal.
- Tilpassa ferjetilbodet og utvide snøggbåttilbodet

##### **LRK senter som attraktive stadar**

- Styrke berekraftige reisemåtar

##### **Kommunen som aktiv tilretteleggjar og pådrivar**

- Offensive reguleringsområde i sentrumsområda
- God samfunnstryggleik og beredskap i heile kommunen
- God kulturminneforvaltning

##### **Positiv turisme**

- Systematisert transport for turismen
  - Transport mellom tettstadane og reisemåla må i så stor grad som mogleg vere systematisert og planlagt. Turiststraumar skal ikkje vere til hinder for kvardagslivet og kritiske funksjonar på staden.
- Opplevingar knytt til fjorden
  - Kommunen skal leggja til rette for ålmenta sine reiselivsrelaterte aktivitetar som har eit element av fjorden i seg. Og støtta opp under reiselivsverksemdar som har fjorden som produkt. Grunneigarar kan, innafor gjeldande lovverk, søkja om ny utbyggingi strandsona som grunnlag for tillleggsnæring eller som del av reiselivssatsing

#### **Kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032**

[Kommuneplan sin samfunnsdel - Ullensvang kommune](#)

Kommuneplanens samfunnsdel (KPS 2020-2032) vart vedteken av kommunestyret 16.02.2021. Kommuneplanen sin samfunnsdel er strukturert i fire nivå: hovudsatsingsområde – Mål – Strategi – Tiltak. Nivåa har ulike tidshorisont, og vil slik sett vere knytt til ulike prosessar i kommunen. Utforminga er viktig for å sikre at kommuneplanen har relevans i heile planperioden.

Hovudsatsingsområda som vart politisk vedtatt i planprogrammet er: bustad, næring, kultur- og reiseliv. Dette er dei områda Ullensvang skal satse ekstra på dei kommande 12 åra.

#### **Kommuneplanens arealdel 2020-2032**

[Kommuneplan sin arealdel - Ullensvang kommune](#)

Kommuneplanen sin arealdel skal syna hovudtrekka i arealdisponeringa, gje greie for rammer og krav for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva for viktige omsyn som må ivaretaast ved disponering av areala. Denne disponeringa byggjer på måla og strategiane som vert fastsett i samfunnsdelen.

Arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for perioda 2020-2032 er starta opp.

Innspel til kommuneplanen sin arealdel: [Arkivsak 20/8257 - Kommuneplanen sin arealdel - PlanID 46182020011 \(onacos.no\)](#) .

Aktuelle innspel ift. hamneplanen:

Hvem	Sak	Hva
Inge Haustveit	21/8296	«Området mellom Velure og Trones har pr idag inga felles båthavn for innbyggjarar som ikkje er grunneigar til sjø. Dette er det eit sterkt ynskje om å etablera og det pågår dialog med fleire grunneigarar utan at det endelege valet er landa. Dette avdi ein ynskjer ei båthavn som er av ein slik størrelse og kvalitet, at ho skal kunna nyttast som heilårshavn. Det er stipulert eit behov på mellom 15 og 20 båt plasser i dette området. Vurdering av utførelse vert føreteke i tråd med Kystverkets molohandbok frå 2000, og ein vil kome tilbake til lokasjon på eit seinare tidspunkt. Eg ber om at dette vert teke med i arealplanen sjølv om konkret lokasjon ikkje er fastslege.»
Hammaren Marina	22/8704	«Me ber om at byggjegrænse mot sjø vert vidareført slik det er i KPA frå Jondal Kommune for Næringsverksemd knytt til sjø, 0 meter. Innspelet for Hammaren Marina går på få avsatt området til Næring, båt, turisme, som er Næringsverksemd knytt til sjø, og me treng driftsbygning for denne verksemda i stranddsona»



## 4. Strategisk næringsplan 2022-2034

### [Planar, strategiar og styringsdokument - Ullensvang kommune](#)

Strategisk næringsplan er ein temaplan. Den skildrer prioriterte initiativ og kommunen sitt ansvar for å sikra utvikling av næringslivet i Ullensvang.

Følgjande tiltak i handlingsdelen for perioden 2022-2024 vil ha betydning for Ullensvang sin strategiske hamneplan.

<b>Mål 1: BEREKRAFT er GRUNNLEGGJANDE</b>							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
<b>1a: Klimaplan for Ullensvang kommune</b>							
	Utvikle klimaplan	Lokalt	KNS		++		
<b>1b: Hydrogensatsing</b>							
	Utvikle Hardanger Hydrogen Hub	Nasjonalt	3.0 KNS privat		++	+	++
	Følge opp Hydrogenvegen	Nasjonalt	POL				
<b>1c: Biogassanlegg</b>							
	Etablera biogassanlegg	Regionalt	Privat		++	+	+
	Oppfølging forprosjekt Biogassanlegg	Regionalt	KNS				
<b>Mål 2 Ullensvang kommune er ein AKTIV TILRETTELEGGJAR og PÅDRIVAR</b>							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
<b>2j: Ullensvang kommune skal arbeida for god samfunnstryggleik og beredskap i heile kommunen</b>							
	Felles informasjonsmøter for deling av beredskapsplanar og gjera verksemdene trygge på prosess (Erfaring frå covid 19)	lokalt	Teknikk og miljø		+	+	
<b>Mål 6: Turismen er POSITIV</b>							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
<b>6f: Leggja til rette for sal av opplevingar knytt til fjorden</b>							
	Siderbåt må vidareutviklast og sikrast kontinuitet	regionalt	Sidernæringa og transport-tilbydar			+	++
	Turistbåtruta på Hardangerfjorden må vidareutviklast og sikrast kontinuitet	regionalt	Hardanger-rådet	Ruta må støtte opp under vidareutvikling av aktivitetar i Ullensvang kommune		+	+
	Heilårs hurtigbåt på Hardangerfjorden	regionalt	POL				+
<b>Mål 8: Me har AKSEPTABEL INFRASTRUKTUR</b>							
	Tiltak	Nivå	Ansvar	Kommentar	Miljø	Sosial	Økonomi
<b>8a: Bette hamner i Odda</b>							
	Havnebruksplan	Regionalt	Teknikk og miljø	Odda må endrast til Ullensvang ved revisjon Gjeld heile Ullensvang kommune	+		++
<b>8d: Tilpassa ferjetilbodet og utvide snøggbåttilbodet</b>							
	Driva aktiv politisk og administrativ påverknad overfor stat og fylkeskommune	Regionalt	POL			+	+
	To ferjer Jondal-Tørvikbygd	Regionalt	POL			+	+

## 5. Forprosjekt «Strandpromenade Odda»

Link

## 6. Gjestehamner

Oversikt med bl.a. navn, lokalisering, størrelse, og kontaktpersoner

[Link](#)

## 7. Ankringsplasser

Oversikt med bl.a. navn, lokalisering og bruk

Link

## 8. Hamnegebyr

### Orientering om dagens prissystem

Ullensvang hamnevesen har delt prissystemet sitt i ulike kategoriar. For meir forklaring sjå forretningsvilkår og prislister.

### Farvassavgift

Farvassavgift er den einaste avgifta kommunen kan fastsette og krev inn med heimel i havne- og farvannsloven. Farvassavgifta kan berre gå til å dekkja heilt bestemte kostnader.

Havne og farvannsloven § 36. Farvannsavgift:

*Kommunen kan i forskrift bestemme at det skal betales farvannsavgift for fartøy som anløper havn og innretninger for drift av akvakulturanlegg i kommunen sjøområde. I forskriften kan det fastsettes bestemmelser om differensiering av avgiften.*

*Farvannsavgiften kan bare dekke kommunen kostnader til*

*a) nødvendig is bryting og fjerning av gjenstander som hindret sjøtransporten eller er til fare for ferdslene i kommunen sjøområde, jf. § 6*

*b) utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter*

*c) farvannsskilt og navigasjonsinnretninger som kommunen eier.*

Gjeldande bestemningar kjem fram av "Forskrift om avløpsavgift 2018 for Odda kommune". Satsane for farvassavgifta går fram av tabellen under.

Med dei unntak som er nemnt i Forskrift om anløpsavgift i Odda kommune § 2 a-h av 01.01.2018, skal alle fartøy som anløper hamna betala anløpsavgift.

### Vederlag

Kommunen sine kostnader til hamneverksemd skal i fyrste rekkje dekkast gjennom vederlag (alminneleg prising).

Vederlag for tenester og ytingar knytta til hamneverksemd vert innkrevd på privatrettsleg grunnlag og følger difor alminnelege privatrettslege reglar om tryggleik, inndrivning mv.

#### Kaivederlag

Fartøy som nyttar hamnevesenet eller kommunen sine kaia, betalar kaivederlag etter satsar i tabell under. Minsteavgift kr 102.

Fartøy i regelmessig rute og lokalruter gratis. Fartøy som anløper kun for bunkring, proviantering eller vassfylling får 50 % reduksjon i kaivederlag.

Liggetida vert rekna frå fartøyet legg til kai og inntil det igjen forlater denne. Del av døgn på 6 timar eller mindre, vert rekna for eit halvt døgn. Heilag dagar vert ikkje rekna ved utrekning av liggetid med mindre lossing eller lasting, ombordtaking eller ilandsetting av passasjerar eller post foregår på desse dagane. Lasting av kol-, olje- og vassforsyningar som foregår på heilag dagar vert rekna som lasting.

For fartøy som etter ordre frå hamnemyndigheitene må forhale kaien igjen, vert liggetida rekna som om fartøyet heile tida hadde lege ved kai, dersom fråværet ikkje var over 3 timar. Er fråværet over 3 timarskal det skje frådrag i den berekna liggjetida. Skiftar eit fartøy frå ein plass ved hamnebassenget sine kaiar til ein annan, utan i mellomtid å ha vore utanfor hamnedistriktet, vert liggjetida som om fatøye har lege ved kai.

#### Varevederlag

Sjå satsar i tabell.

#### Renovasjonsvederlag næring

Etter internasjonale avtalar og nasjonale forskrifter skal hamnevesenet leggje til rette for at alle fartøy som anløper dei offentlege kaiene i hamnedistriktet skal kunne levere avfall slik dei er pålagt i forskriftene. Ordninga skal finansierast gjennom prinsippet for kostnadsansvar. Ullensvang hamnevesen har difor innført eit vederlag som dekker hamnevesenet sine kostnader knytt til ordninga.

Linjefartøy, passasjerferjer og andre fartøy som har eigne avtalar og godkjende ordningar for levering av skipsavfall, er fritatt frå gebyret. Alle øvrige fartøy skal betala gebyr i høve til fartøyet sin bruttotonnasje. Sjå renovasjonsavgift i tabell.

### Vederlag for gjestehamn

Ved avklart langtidsleige på meir enn 7 dagar vert det gitt rabatt, denne aukar med lengda på opphaldet. Maks rabatt er sett til 50 %.

### **Saksbehandlingsgebyr**

Kommunen kan i forskrift fastsetta gebyr for behandling av søknad om tillatelse etter havne- og farvannsloven § 33, jf. forskrift 20. desember 2010 nr. 1760 om saksbehandlingsgebyr etter lov om havner og farvann.

Gebyret skal ikkje overstiga kommunen sine naudsynnte kostnader knytta til behandling av søknad om løyve. Det kan ikkje ileggast gebyr for behandling av klage over vedtak.

Kostnader som kan dekkast av slikt saksbehandlingsgebyr skal for øvrig haldast utanfor berekningsgrunnlaget for farvassavgifta, jf. forskrift 20. desember 2010 nr. 1762 om kommunen beregning om innkreving av anløpsavgift (farvannsavgiftsforskriften) § 3, 4.ledd.

Gjeldande bestemningar og prising kjem fram av "Forskrift om saksbehandlingsgebyr 2018 for Odda kommune". Prisar for avgifta kjem fram av tabellen under.

Ved tvil om kva tiltaksklasse eit omsøkte tiltak tilhøyrer, avgjer Ullensvang kommune eller hamnevesenet dette.

Krev søknaden synfaring, betalar ein eit tillegg for kvar synfaring. Ut over dette kan hamnevesenet krave at ekstraordinære utgifter som oppstår i samband med behandlinga av søknaden vert dekket.

Beløpa tilhørande hamn er administrativt retta feb-2024 til inkl. mva der det var aktuelt.

[Gebyrliste \(framsikt.net\)](#)